

Kva:	Møte nr. 11 i Langrennskomiteen, 2023-2025
Tidspunkt:	Måndag 9. desember kl. 17:30-21:00
Stad:	Skei, Thon Hotell Jølster
Sakliste:	<i>REFERATSAKER</i> <i>SAK 69 23-25 Godkjenning av innkalling og sakliste</i> <i>SAK 70 23-25 Godkjenning av protokoll nr. 10 23-25 i LK</i> <i>SAK 71 23-25 Godkjenning av referat frå Haustmøte 2024</i> <i>RAPPORTERINGSSAKER</i> <i>SAK 72 23-25 Rekneskapsrapport pr. 27.11.2024</i> <i>DISKUSJON- OG VEDTAKSSAKER</i> <i>SAK 73 23-25 Budsjett LK 2025</i> <i>SAK 74 23-25 Handlingsplan SFSK</i> <i>EVENTUELT</i>
Til stades:	Tor Arne Hov, Eline Orheim, Laila Bosdal-Thorsen, Reidun Smørdal Hjelle, Torstein Bolstad Blikra (deltok digitalt), og Kennet Dvergedal (adm.)
Forfall:	
Referent:	Kennet Dvergedal

RAMMEPROGRAM

Program	Tidspunkt	Saker	Stad
Møte i Langrennskomiteen	Kl. 17:30-19:00	Sak 69-73	Thon Hotel Skei
Julemiddag	Kl. 19:00-19:45		Thon Hotel Skei
Møte i Langrennskomiteen	Kl. 19:45-21:00	Sak 74	Thon Hotel Skei

REFERATSAKER

SAK 69 23-25

Godkjenning av innkalling og sakliste

Bakgrunn

Innkalling og sakliste med vedlegg er utsendt på førehand.

VEDTAK

Langrennskomiteen godkjenner innkalling og sakliste.

SAK 70 23-25

Godkjenning av protokoll nr. 10 23-25 i langrennskomiteen

Bakgrunn

Protokoll nr. 10 23-25 frå langrennskomiteen er sendt ut og godkjent elektronisk tidlegare. Protokollen ligg også vedlagt.

VEDTAK

Langrennskomiteen godkjenner protokoll nr. 10 23-25.



SAK 71 23-25

Godkjenning av referat frå Haustmøte 2024

Bakgrunn

Møtereferat frå haustmøte til langrennskomiteen er vedlagt.

VEDTAK

Langrennskomiteen godkjenner referatet.

RAPPORTERINGSSAKER

SAK 72 23-25

Rekneskapsrapport pr. 27.11.2024

Bakgrunn

Rekneskapsrapport pr. 27.11.2024 er lagt ved som eige vedlegg. Adm. sjef legg fram rapporten i møte.

Nøkkeltal;

Driftsinntekter LK: kr. 941 620,-

Driftskostnadar LK: kr. 811 519,-

Resultat: kr. 130 101,-

Eigenkapital langrenn: kr. 435 250,-

VEDTAK

Langrennskomiteen tek rapporten til orientering.

DISKUSJON- OG VEDTAKSSAKER

SAK 73 23-25

Budsjett LK 2025

Bakgrunn

Administrasjonen sitt framlegg til budsjett for langrennskomiteen 2025 balanserer, med årsbudsjetterte driftsinntekter på kr. 1 498 000,- og årsbudsjetterte driftskostnadar på kr. 1 498 000,-.

Drift komité

Det er budsjettert med kr 373 000,- i overføring av markedsinntekter jf. samarbeidsavtalane med Sparebanken Sogn og Fjordane og SFE.

Vidare er det budsjettert med kr 30 000,- i lisensar/ rennavgifter, og kr. 50 000 i momskompensasjon.

Det er budsjettert med kostnadar knytt til krinsandel for utøvarar på regionlaga Team Elon Vest og Team SørVest.



Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. 409 500,-.

Sommarskiskule og Langrennskurs (sommarski)

Rekneskap for desse prosjekta vart frå 2019 overført LK (tidlegare har LK fått overført eit evt. overskot).

Det er budsjettert med at prosjekta totaltsett skal balansere.

Inntektene for sommarskiskulen er relatert til deltakaravgifter, medan kostnadane er relatert til honorar og reisekostnader til trenarar, kost og losji m.m.

Inntektene for trenarkursa er relatert til kursinntekter og vidarefakturering, medan kostnadane er relatert til honorar og reisekostnader til kurslærar, kost og losji m.m.

NM, jr. NM og HL

Ifbm. NM, jr. NM og Hovudlandsrennet er det budsjettert at ein dekkjer reise- og opphald for støtteapparat og kostnader med smørebod. Det er i tillegg budsjettert med ein andel refusjonar i samband med desse arrangementa. Det er også budsjettert med eit honorar for hovudleiar.

Årsbudsjettert resultat på desse prosjekta er samla kr -104 000.

Cup/ SSF Cup

Ifbm. SSF Cupen er det m.a. budsjettert med kr 60 000,- i kjøp av premiar, i tillegg til noko diverse kostnader.

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. - 65 000,-.

FIS-renn

I samband med renna i Norgescupen er det budsjettert at komiteen dekkjer reise, opphald og honorar for 1 hovudleiar på NC jr. I tillegg overnatting for 3 i støtteapparat (kvart arrangement) på NC jr.

På NC sr. er det budsjettert ein mindre andel, då det er gjort avtale med andre kretsar og regionlag om at aktuelle løparar får ta del i deira fellesopplegg.

Det er også budsjettert med ein andel refusjonar i samband med desse arrangementa.

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. -83 000,-.



Krinslag

På krinslaget er det budsjettet med kr. 200 000,- i årskontingent (krinslagskontingent), noko under budsjett for 2024.

Vidare er m.a. budsjettet med kr. 100 000,- til krinslagsbekledning og kr. 135 000,- til overnatting.

Årsbudsjettet resultat på dette prosjektet er kr. – 150 000,-.

Langrennskomiteen

Til møteverksemd i langrennskomiteen er det sett av kr. 7 500,-.

VEDTAK

Langrennskomiteen gjer vedtak om å godkjenne budsjettet som det føreligg.

SAK 74 23-25

Handlingsplan SFSK

Bakgrunn

Sogn og Fjordane Skikrins sin handlingsplan for perioden 2023-2025 er vedlagt.

I samband med møtet skal styret handsame handlingsplanen, drøfte skikrinsen sine tiltak, og avklare vidare ansvarsfordeling.

VEDTAK

Skikrinsstyret tek handlingsplanen til orientering, og gjer vedtak om å følgje opp tiltak i høve til arbeidsfordeling og fristar som drøfta i møtet.

EVENTUELT

Med venleg helsing
Sogn og Fjordane Skikrins

Tor Arne Hov (s)
Leiar LK

Kennet Dvergedal (s)
Adm. sjef